



Eikanger Vassverk
v/ Ivar Eidsheim
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2664 - 18/19178

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
14.06.2018

SØKNAD OM TILSKOT TIL PROSJEKTET: VATN- OG AVLØPSLEIDNING, MYR- HØYLAND.

Vi syner til søknad, datert 16.10.2017, frå Eikanger Vassverk, om tilskot til-og overtaking av planlagt hovedanlegg for VA, for vidare utbygging frå eksisterande anlegg på Myr-til Høyland. I alt 17 abonnentar har skrive under tilkoplingskrav, og går dermed inn med sin eigenkapital på kr 30.000, for hhv vatn og avløp, tilsaman kr 60.000, pr. brukar. Det vert dermed søkt om kommunalt tilskot for kostnad på hovedgrøfter-leidningsnett, som skal overtakast av Lindås kommune. Lindås kommune tek oppdimmensjoneringskostnaden for vassleidningen. Dette fordi leidningen vil forsterka den kommunale vassforsyninga til Eikangeromr.-og særleg med tanke på vassforsyninga til det nyetablerte Nordhordland Næringspark. Ein får då eit ringleidningsnett med forsyning frå to hovedvassleidningar.

Det er innhenta tilbod på prosjektet, og Eikanger Vassverk vil stå som byggherre, slik 1. delutbygginga vart gjort. I tilskotssamanheng vert tilskotsgrunnlaget delt på, A: vassverksdelen, som er noko større pga dimensjonen på vassleidningen, og B: Avløpsdelen, som vert bygt som eit trykk-system, med private pumpestasjonar og mindre dimensjonar.

Tilbodssum, hovedleidningar VA, med tillegg for erstatning for m.a.skade på innmark, og liknande utgifter, er kr 5.584.600,- eks.mva. Avløpsdelen utgjer kr 1.150.000. Eigenandelen a 30.000 på kvar brukar utgjer 510.000, på avløp, og 510.000,- på vatn. Det kommunale tilskotet vert då **kr 3.924.600,-** for vatn,(Hovedsakleg pga oppdimmensjoneringa), **og kr 640.000,-** for avløpsdelen. Vi forutset at nedlegging av fiberkabel vert kosta av fiber-selskapet. Tilskotssummane kan få mindre justeringar når fullstendig rekneskap ligg føre, og er revidert. Ev «nye» abonnentar vil og ha innverknad på kostnadsfordelinga.Vi forutset og at arbeid tilhøyrande den enkelte hus-grunneigar ikkje inngår på noko måte i tilskotsgrunnlaget. (Private stikkleidningar-pumpestasjonar)

Tilskotsgrunnlaget er med basis i oppsett for tilbod, andre kostnader, datert 07.05.2018.

Med helsing



12

Atle Dingen
Einingsleiar Teknisk drift

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Eikanger Vassverk

v/ Ivar Eidsheim 5913

EIKANGERVÅG